

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 23/2007

Møtedato: 9.5.07

Arkiv nr: S 586

S 586, Lomtjernstølane – søknad om tilbygg på sel

Nils Arne og Anne Marie Solberg søker om å få føre opp eit tilbygg på 26 m² selet som i dag er på 56 m². Nærare utgreiing om behovet går fram av vedlagt skriv.

På stølen er det registrert følgjande bygningar: låve/løe: 42m², fjøs: 42m² og sel: 53m².

I følgje søknadsskjema blir stølen brukt til beite og slått ved eige drift. Ved kontroll på landbrukskontoret viser dette at dette ikkje stemmer. Etter kontakt med søkjarane blir det opplyst at garden heime og stølen blir leigd bort samla til Knut Sigurd Rødningen. Landbrukskontoret bekreftar at opplysningane er rett.

Stølen er i bruk etter fjellova og skal behandlast etter § 13 i stølsforskriftene der det heiter:

Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.

Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.

Søknaden er oversendt Statskog og Oppland fylkeskommune for uttale jf. stølsforskrifta.

Tilbakemelding frå søkjar med korrigererte opplysningar kom så seint at det ikkje var tid å sende saka til Statskog for ny uttale.

Oppland fylkeskommune har gjeve følgjande uttale:

Vurdering:

Vi har mottatt bilder av eksisterende bygningar på stølen samt tegningar av tilbygget som ønskes oppført. Tilsendte fotografier gir et godt inntrykk av stølen og vi har vurdert det slik at saken kan behandles uten befarung.

Den største trusselen i stølsmiljøene er at autentisiteten blir svekket ved stadig modernisering av bygninger uten at det i tilstrekkelig grad er tatt hensyn til antikvariske verdier og tradisjonell byggeskikk, og dette har i stor grad skjedd på denne stølen.

Vi har forståelse for at det er behov for en utbedring av eksisterende sel, men vil primært anbefale en ser på en løsning med tilbygg i forlengelsen av eksisterende sel, istedenfor en vinkelløsning slik det er vist på tegningene. En slik arealutvidelse vil være mer i tråd med tradisjonell byggeskikk, og man unngår at bygningen får ytterligere preg av fritidsbebyggelse.

Konklusjon:

Regionale kulturminnemyndighet vurderer det slik at området har regional og eventuelt nasjonal verneverdi som del av stølsområdene i Valdres.

Vi anbefaler at en ser på en løsning med tilbygg i forlengelsen av eksisterende sel, istedenfor en vinkelløsning slik det er vist på tegningene. En slik arealutvidelse vil være mer i tråd med tradisjonell byggeskikk, og man unngår at bygningen får ytterligere preg av fritidsbebyggelse.

Vedtak:

Fjellstyret vedtek å utsetja saka til Statskog har fått gjeve ny uttale.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 10.5.07

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Nils Arne og Anne Marie Solberg, Statskog, Oppland fylkeskommune, Vestre Slidre kommune